



Error! Unknown document property name.
Error! Unknown document property name.

NOREGS HØGSTERETT

ORSKURD

sagd 28. oktober 2020 av Høgsterett i plenum med

justitiarius Toril Marie Øie
dommar Magnus Matningsdal
dommar Jens Edvin A. Skoghøy
dommar Erik Møse
dommar Bergljot Webster
dommar Wilhelm Matheson
dommar Aage Thor Falkanger
dommar Kristin Normann
dommar Henrik Bull
dommar Knut H. Kallerud
dommar Arne Ringnes
dommar Ingvald Falch
dommar Espen Bergh
dommar Cecilie Østensen Berglund
dommar Borgar Høgetveit Berg

HR-2020-2079-P, (sak nr. 20-051052SIV-HRET)
Anke over Borgarting lagmannsretts dom 23. januar 2020

Natur og Ungdom

Föreningen Greenpeace Norden

Naturvernforbundet (partshjelpar)

Besteforeldrenes klimaaksjon (partshjelpar)

(advokat Emanuel Feinberg – til prøve
advokat Cathrine Hambro – til prøve)

mot

Staten v/Olje- og energidepartementet

(Regjeringsadvokaten
v/advokat Fredrik Sejersted)
(Rettsleg medhjelpar:
advokat Anders Flaatin Wilhelmsen)

R Ø Y S T I N G

(1) Dommar **Høgetveit Berg:****Bakgrunnen for saka**

- (2) Saka gjeld spørsmålet om fire av dommarane i Høgsterett skal vike sete ved plenumshandsaminga av sak nr. 20-051052SIV-HRET – det såkalla klimasøksmålet.
- (3) Høgsteretts ankeutval fremja 20. april 2020 anken frå Natur og Ungdom og Föreningen Greenpeace Norden over Borgarting lagmannsretts dom 23. januar 2020 i sak nr. 18-060499ASD-BORG/03 mot staten ved Olje- og energidepartementet. Justitiarius vedtok den same dagen at ankesaka skal avgjerast av Høgsterett i plenum, jf. HR-2020-846-J. Naturvernforbundet og Besteforeldrenes klimaaksjon opptrer som partshjelparar til fordel for Natur og Ungdom og Föreningen Greenpeace Norden.
- (4) Ankesaka gjeld spørsmålet om eit vedtak som er gjort ved kongeleg resolusjon 10. juni 2016, om tildeling av utvinningsløyve for petroleumsførekomstar på den norske kontinentalsokkelen – 23. konsesjonsrunde – heilt eller delvis er ugyldig. I hovudsak er det frå dei ankande partane gjort gjeldande at vedtaket er i strid med Grunnlova § 112 og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 2 og 8, og at tre av utvinningsløyva, som er tildelte i Barentshavet søraust, er ugyldige på grunn av sakshandsamingsfeil.
- (5) Under saksførebuinga har det vorte klart at dommar Arntzen er ugild, medan det er reist spørsmål om dommarane Indreberg, Noer og Steinsvik er ugilde til å delta i handsaminga av saka, ut frå høvesvis deltaking i lovarbeid, organisasjonsarbeid og familieforhold. Før rettsmøtet til handsaming av dette spørsmålet 19. oktober 2020 fekk partane og partshjelparane tilsendt skriftlege utgreiingar frå dommarane om relevante forhold.
- (6) I rettsmøtet 19. oktober 2020 deltok dei dommarane som det ikkje er reist spørsmål om ugildskapen til, med unntak av dommar Bergsjø, som har studiepermisjon. Også dommar Møse, som ikkje skal delta i plenum fordi han går av med pensjon 1. november 2020, deltok i handsaminga. Sidan i alt 16 dommarar deltok, fråtrede dommaren med kortast ansiennitet – dommar Thyness – ved voteringa, jf. domstollova § 5 femte ledd andre punktum.

Partanes syn

- (7) Dei ankande partane – *Natur og Ungdom og Föreningen Greenpeace Norden* – har gjort gjeldande at korkje dommar Indreberg, Noer eller Steinsvik må vike sete.
- (8) Tilliten til Høgsterett i plenum kviler på at retten er breitt samansett, med dommarar med eigne verdisyn. Terskelen for å måtte vike sete etter domstollova § 108 må difor ikkje setjast for lågt i saker som rører ved breie samfunnsyn.
- (9) For dommar Indreberg er det gjort gjeldande at deltaking i lovførearbeid ikkje i seg sjølv gjer at ho må vike sete. Saka her skil seg frå saka i Rt-2007-705 på fleire avgjerande punkt.

Den vanlege grunngevinga for ugildskap ved involvering i lovarbeid treffer ikkje. Det er i vår sak tale om eit tolkingsspørsmål – og ikkje eit spørsmål om ei lov er i strid med Grunnlova.

- (10) For dommar Noer kan tidlegare medlemskap i organisasjonar som er part og partshjelpar i saka, ikkje vera avgjerande når aktiviteten ligg langt attende i tid. Ein dommars generelle samfunnssyn og engasjement kan ikkje ha vekt i vurderinga av om vedkommande skal vike sete. For dommar Noer gjeld dette også dagens tilknytning til World Commission on Environmental Law (WCEL) og Global Judicial Institute on the Environment (GJIE) – som driv vitenskapleg basert og ikkje politisk arbeid.
- (11) For dommar Steinsvik, som har ein svigerfar som er medlem av partshjelparen Besteforeldrenes klimaaksjon, er det tilstrekkeleg å vise til Rt-2010-321. Når den saka var eit tvilstilfelle, kan det ikkje vera tvil om at dommar Steinsvik ikkje må vike sete i saka her.
- (12) Ankemotparten – *staten ved Olje- og energidepartementet* – har gjort gjeldande at dommar Indreberg må vike sete, og at dommar Steinsvik ikkje må vike sete. For dommar Noer står ein etter statens syn overfor eit tvilstilfelle. Staten er samd i at terskelen for å vike sete ikkje må setjast lågt.
- (13) For dommar Indreberg er det vist til at ho var medlem av Lønningutvalet, og at forståinga av rapporten frå utvalet er eit kjernesporsmål ved tolkinga av Grunnlova § 112. Dommar Indreberg bør på denne bakgrunnen vike sete.
- (14) For dommar Noer er det peika på at hennar tidlegare aktive medlemskap i Natur og Ungdom og Naturvernforbundet isolert sett ikkje gjer at ho må vike sete. Det vil derimot vera avgjerande kor sterkt organisasjonane WCEL og GJIE er engasjerte i slike rettsspørsmål som plenumssaka reiser, og kva for rolle dommar Noer har i organisasjonane.
- (15) Ankemotparten er samd med dei ankande partane i at dommar Steinsvik ikkje skal vike sete.

Mitt syn

- (16) Dommar Arntzen er gift med lagmann Eirik Akerlie, som var dommar i saka i lagmannsretten. Dommar Arntzen må difor vike sete etter domstollova § 106 nr. 9.
- (17) Dei tre andre dommarane skal vurderast etter domstollova § 108, som har slik ordlyd:
- «Dommer kan heller ikke nogen være, når andre særegne omstendigheter foreligger, som er skikket til å svekke tilliten til hans uhildethet. Navnlig gjelder dette, når en part av den grunn krever, at han skal vike sete.»
- (18) Domstollova § 108 skal praktiserast i samsvar med dei krava til ein uavhengig og upartisk domstol som følgjer av Grunnlova § 95 fyrste ledd og praksis frå Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) om EMK artikkel 6 nr. 1, jf. HR-2016-2311-P avsnitt 13. Vurderinga har etter fast praksis ei subjektiv og ei objektiv side. I Rt-2013-1570 avsnitt 20 er krava oppsummerte slik:

«Domstolloven § 108 fastsetter at en person ikke kan være dommer i en sak hvis 'særegne omstendigheter foreligger, som er skikket til å svekke tilliten til hans uhildethet'. Dette innebærer for det første at det ikke må foreligge omstendigheter som gjør at dommeren ikke er i stand til å treffe en upartisk avgjørelse uten å skjule til irrelevante hensyn ut fra et subjektivt perspektiv. For det andre må det ikke foreligge forhold som knytter dommeren til en part på en slik måte at det for partene og allmennheten kan reises spørsmål ved dommerens upartiskhet. Denne objektive tilnærmingen – hvordan forholdet tar seg ut fra utsiden – har fått økende vekt i rettspraksis de senere årene, jf. Rt-2011-1348 avsnitt 46. Dette har medført en innstramming av habilitetsreglene og innebærer at eldre praksis ikke alltid vil være veiledende for hva som er rettstilstanden i dag.»

- (19) Det er den objektive tilnærminga som er aktuell i saka her. Avgjerande er då om dei særlege omstenda i saka etter ein objektiv målestokk gjev omverda rimeleg og sakleg grunn til å tvile på at dommaren er upartisk, jf. HR-2016-2311-P avsnitt 15. Om nokon av partane har kravd at dommaren må vike sete, vil dette kunne ha vekt i vurderinga, jf. domstollova § 108 andre punktum, jf. HR-2020-1133-A avsnitt 15.
- (20) Eg ser fyrst på spørsmålet om dommar Indreberg må vike sete i saka.
- (21) Dommar Indreberg var medlem av Stortingets menneskerettsutval (Lønningutvalet). Rapporten med forslag til grunnlovsendingar er teken inn i Dokument 16 (2011–2012). Grunnlovsreforma som vart vedteken av Stortinget i 2014, tok utgangspunkt i forslaga i rapporten. Mellom anna er Grunnlova § 112 om rett til miljø og natur vedteken i tråd med forslaget frå utvalet.
- (22) Den klare hovudregelen er at ein dommar ikkje er ugild til å avgjera rettsspørsmål knytte til lover som ho eller han har delteke i førebuinga av, sjå Rt-2008-1451 avsnitt 18:
- «Innledningsvis finner jeg grunn til å presisere at det som en klar hovedregel må gjelde at en dommer ikke er inhabil til å avgjøre rettsspørsmål knyttet til lover som vedkommende har hatt befatning med i tidligere stilling i departement eller i andre funksjoner. Det gjelder også om vedkommende har deltatt i lovforberedelsen. Skal en slik tilknytning få følger for vedkommendes habilitet som dommer, må det foreligge særlige forhold. Som eksempel nevner jeg at det er reist tvil om lovforslagets grunnlovsmessighet. Slike saker vil kunne ha stor politisk betydning for den regjering som fremmer forslaget. Der vedkommende har deltatt som premissleverandør for det standpunktet som er fremmet i lovproposisjonen, kan det foreligge grunner som taler for at vedkommende er inhabil til å avgjøre tvilsspørsmålet som dommer. Jeg ser Høyesteretts avgjørelse i Rt-2007-705, avsnitt 22 til 25, som utslag av en slik betraktning.»
- (23) I Rt-2007-705 var dommar Indreberg ugild i ei sak som følgje av lovarbeid knytt til endringane i tomtefestelova. Sjølv om hennar involvering hadde vore kortvarig og ikkje særleg omfattande, la Høgsterett vekt på at Indreberg hadde vore involvert i utarbeidinga av eit høyringsnotat, som ikkje berre var problematiserande, men også argumenterande for spørsmål som kunne bli sentrale under ankeforhandlingane i Høgsterett. Dette gjaldt særleg vekta av Stortingets standpunkt til grunnlovsspørsmålet.
- (24) Utgangspunktet om at ein dommar kan vera med på å avgjera ei sak knytt til lover som ho eller han har delteke i førebuinga av, gjeld også dersom dommaren har utforma lovforslag

som medlem av eit lovutval, jf. Rt-2009-769 avsnitt 14 og 15. I denne saka gjorde deltakinga i Tvistemålsutvalet korkje justitiarius Schei eller dommar Bårdsen ugilde i storkammerssaka om krav til grunngeving for vedtak etter tvistelova § 29-13 andre ledd. Høgsterett viste til at utgreiinga frå utvalet var omfattande, og at det aktuelle spørsmålet som Høgsterett skulle handsame i storkammer, ikkje hadde vore eit tema i utgreiinga.

- (25) Mandatet til Lønningutvalet var å «utrede og fremme forslag til en begrenset revisjon av Grunnloven med det mål å styrke menneskerettighetenes stilling i nasjonal rett ved å gi sentrale menneskerettigheter Grunnlovs rang», jf. Dokument 16 (2011–2012) side 18. Som ledd i dette arbeidet skulle utvalet gjera «en prinsipiell og samlet vurdering av menneskerettighetenes plass i Grunnloven, hvor også forholdet til menneskerettslovens forrangsregel og spørsmålet om rettighetene skal kunne påberopes for domstolene, trekkes inn», jf. side 18. I tråd med mandatet gav utvalet mellom anna uttrykk for sitt syn på forståinga av den tidlegare føresegna i Grunnlova § 110 b, inkludert om føresegna skulle reknast som ei rettsleg plikt og ikkje berre som ei programerklæring, jf. side 243–244. Utvalet føreslo å vidareføre dåverande § 110 b fyrste og andre ledd uendra, men å endre tredje ledd. Utvalet kom også med merknader til dei delane av grunnlovsføresegna som det vart føreslege å føre vidare uendra.
- (26) Grunnlovsføresegna om natur og miljø vart ved revisjonen i 2014 flytta til Grunnlova § 112. Kva slags føresegn § 112 er, er eitt av hovudspørsmåla Høgsterett skal ta stilling til i plenum. Staten vil gjera gjeldande at skildringa som er gjeven av Lønningutvalet om den tidlegare Grunnlova § 110 b, anten er upresis eller direkte misvisande. Lagmannsretten uttalte i saka her at utvalet synest å ha hatt eit noko tynt grunnlag for si klare tolking av § 110 b, men at det måtte leggjast til grunn at Stortinget i den vidare handsaminga av forslaget bygde på den nemnde tolkinga av § 110 b.
- (27) Sjølv om den eine partens argumentasjon i utgangspunktet ikkje utan vidare bør vera avgjerande for om ein dommar skal vike sete, meiner eg at det i denne saka – etter ei objektiv vurdering – kan gje omverda rimeleg og sakleg grunn til å tvile på at dommar Indreberg er upartisk når ho gjennom deltakinga i Lønningutvalet har gjeve uttrykk for sitt syn på eit av dei sentrale spørsmåla i saka, om enn indirekte. Dette gjeld særleg når standpunktet er utsett for kritikk. Eg legg her også noko vekt på at dommar Indreberg har gjeve uttrykk for at ho er «tilbøyelig til å mene» det same.
- (28) Samla meiner eg difor at me her står overfor «særegne omstendigheter» som gjer at dommar Indreberg må vike sete i saka, jf. domstollova § 108.
- (29) Eg ser så på spørsmålet om dommar Noer må vike sete i saka.
- (30) Dommar Noer var medlem av arbeidsutvalet i Natur og Ungdom i om lag eitt år tidleg i 1980-åra. I denne perioden deltok ho også i Alta-aksjonen og fekk for det eit førelegg på 1 500 kroner. I perioden 1991–1994 var ho medlem av redaksjonen i Naturvernforbundets blad «Natur og Miljø».
- (31) Dommar Noer har sete i styringskomiteen i World Commission on Environmental Law (WCEL) sidan 2015. WCEL er ein av seks kommisjonar under International Union for Conservation of Nature (IUCN). Sistnemnde er ein upolitisk organisasjon, der statar og organisasjonar er medlemmer. Klima- og miljødepartementet er medlem. I WCEL er også personar medlemmer. Dommar Noer har sidan 2016 også sete i styringskomiteen for

Global Judicial Institute on the Environment (GJIE). Både WCEL og GJIE er opptekne av mellom anna klimasøksmål, og slike søksmål har vore diskuterte i ulike forum i organisasjonane.

- (32) Staten peika i prosesskriv 13. oktober 2020 på at forholda knytte til dommar Noer kvar for seg ikkje er tilstrekkelege til at ho må vike sete, men at dei samla kan gjera spørsmålet tvilsamt. Det vart difor bede om ei nærare avklaring av rollene til dommar Noer i WCEL og GJIE – og om desse organisasjonane har eit uttalt rettspolitisk grunnsyn på klimasøksmål, og om dei meiner miljø- og klimarettar kan tolkast inn i dei eksisterande i menneskerettstraktatane. Dommar Noer gav ei tilleggsutgreiing som vart send til partane 14. oktober 2020. Staten har på bakgrunn av tilleggsutgreiinga under rettsmøtet halde fast ved at staten ikkje tek endeleg stilling til om dommar Noer bør vike sete, og at ein her står overfor eit tvilstilfelle.
- (33) For vurderinga av korleis medlemskap i organisasjonar som har eit utprega samfunnsføremål, skal gjerast etter domstollova § 108, viser eg til fleirtalet i Rt-2010-321 avsnitt 8–10:

«Det er på den ene side klart at en dommers generelle samfunnssyn eller politiske oppfatning ikke i seg selv medfører inhabilitet etter domstolloven § 108. Dette gjelder også der dommerens ståsted kommer til uttrykk gjennom organisasjonsmedlemskap. Det er på den andre side like klart at slikt medlemskap etter omstendighetene kan medføre at dommeren må vike sete der organisasjonen er part i saken. Et medlemskap i en ideell organisasjon er uttrykk for en holdning til et bestemt samfunnsproblem, men er også en støtte til organisasjonens arbeid.

Om inhabilitet inntreder der dommeren er medlem i en organisasjon som er part, vil bero på en samlet vurdering. At vedkommende dommer har engasjert seg spesielt i organisasjonens virke, er naturligvis et hensyn av stor vekt ved denne vurderingen. Men også det ordinære medlem vil kunne bli inhabil til å dømme der utfallet i saken direkte angår kjerneområdet for organisasjonens formål og virkefelt. Selv om et medlem ikke i ett og alt behøver å dele en organisasjons syn, vil medlemmet lett identifiseres med organisasjonen – noe som også kan være en av grunnene til at man tegner medlemskap.

Foreliggende sak gjelder retten til miljøinformasjon, og Naturvernforbundet selv har i forbindelse med ankebehandlingen for Høyesterett beskrevet den aktuelle informasjon som en betingelse for at organisasjonen skal kunne fylle sin rolle. Vi har da en situasjon hvor det kan være atskillig tvil knyttet til om en dommer som er medlem i organisasjonen, bør delta ved behandlingen. Det blir da avgjørende for mitt syn på habilitetsspørsmålet at en part har krevd at dommer Coward viker sete, jf. domstolloven § 108 annet punktum.»

- (34) Dommar Noers tidlegare aktive medlemskap i Natur og Ungdom og Naturvernforbundet ligg så langt attende i tid at det ikkje kan gjera at ho må vike sete, sjølv om desse organisasjonane er høvesvis part og partshjelpar i saka. Det same gjeld deltakinga i Altaaksjonen.
- (35) Dei noverande medlemskapa i ulike organisasjonar som arbeider med miljøspørsmål, kan i seg sjølv klart nok heller ikkje vera tilstrekkeleg til at ein dommar må vike sete i saker om slike spørsmål.

- (36) Korkje WCEL eller GJIE, som dommar Noer er medlem av i dag, er part eller partshjelpar i saka. Organisasjonane har heller ikkje gjeve innlegg i saka etter tvistelova § 15-8 og har såleis ikkje direkte tilknytning til saka som skal opp i plenum.
- (37) Føremålet til GJIE er på heimesida oppsummert som «to support the role of judges, courts, and tribunals to respond to pressing environmental crises». Kva som ligg i dette, kan vera noko uklart. Eg går ikkje nærare inn i dette. På bakgrunn av at det har vore relativt lite aktivitet i organisasjonen så langt, kan medlemskapet uansett ikkje gjera dommar Noer ugild i saka her.
- (38) Føremålet til WCEL er på heimesida skildra slik:
- «The World Commission on Environmental Law (WCEL) advances environmental law around the globe by providing specialized knowledge and assistance to strengthen the legal foundations of the conservation of nature and sustainable development through the conceptual advancement of environmental principles, norms, and laws, and by building the capacity of communities to benefit from the environmental rule of law.»
- (39) Styringskomiteen, som dommar Noer sit i, er det høgste organet i WCEL mellom generalforsamlingane. Det er særleg to forhold som er relevante for plenumssaka knytt til styringskomiteen.
- (40) Det fyrste omstendet eg ser grunn til å trekkje fram, er at WCEL i 2016 var involvert i «The IUCN World Declaration on the Environmental Rule of Law». Arbeidsprosessen for denne erklæringa er skildra slik på heimesida til IUCN:
- «The IUCN World Declaration on the Environmental Rule of Law was drafted by a team of World Commission on Environmental Law (WCEL) members at the 1st IUCN World Environmental Law Congress in April 2016 in Rio de Janeiro, Brazil, on the basis of a wide range of consultations prior to and during the Congress. It was adopted by consensus in the final stages of the Congress, and later finalized by the Steering Committee of the IUCN World Commission on Environmental Law. As noted in a postscript to the Declaration, it ‘does not represent a formally negotiated outcome and does not necessarily reflect the views of any member of the Steering Committee or any individual, institution, State, or country, or their institutional positions on all issues.’»
- (41) I denne erklæringa er det eit punkt som mellom anna framhevar prinsippet om at styresmaktene, inkludert domstolane, ved tvil skal leggje til grunn det resultatet som er best for miljøet – *in dubio pro natura*:
- «In cases of doubt, all matters before courts, administrative agencies, and other decision-makers shall be resolved in a way most likely to favour the protection and conservation of the environment, with preference to be given to alternatives that are least harmful to the environment. Actions shall not be undertaken when their potential adverse impacts on the environment are disproportionate or excessive in relation to the benefits derived therefrom.»
- (42) Slik eg forstår det, vart erklæringa og det nemnde prinsippet førebudd av ein underkomité i regi av WCEL og vedteken ved konsensus på IUCNs verds-kongress i Rio de Janeiro i april 2016. Deretter vart erklæringa ferdigstilt av styringskomiteen i WCEL. I eit etterskrift er

det rett nok opplyst at erklæringa ikkje er eit formelt forhandla resultat og difor ikkje nødvendigvis reflekterer synet til alle medlemmene i styringskomiteen på alle punkt. Men i og med at det ikkje ligg føre opplysningar om eit avvikande syn, er det i alle fall ikkje unaturleg at det utetter vil bli oppfatta slik at dommar Noer identifiserer seg med innhaldet i erklæringa. Om dommar Noer faktisk identifiserer seg med innhaldet i erklæringa, legg eg ikkje vekt på, så lenge det kan oppfattast slik sett utanfrå.

- (43) Det andre omstendet eg ser grunn til å trekkje fram, er at det er ei særskild undergruppe i WCEL som arbeider med eit prosjekt om klimaspørsmål. Dette prosjektet har på heimesida slik overskrift: «Fighting climate change: a best practice guide for Judges and Courts». Føremålet med prosjektet er skildra slik:

«The fight against climate change will require the involvement of all three ‘pillars of power’: the legislative, in designing adequate and effective laws; the executive, in implementing and administering climate-effective governance; and the judiciary, for reviewing government policies, solving disputes, giving authoritative legal statements on the interpretation of laws and clarifying rights and responsibilities. In the face of the (current) general reluctance of the first two to take leadership roles in some countries, courts and judges can play decisive roles in holding governments and actors accountable for effectively addressing climate change.»

- (44) Det blir her framheva at når dei lovgjevande og utøvande statsmaktene er atterhaldne med å ta leiarskap i klimaspørsmålet, kan domstolar og dommarar spela ei avgjerande rolle i å halde regjeringar og andre ansvarlege for på ein effektiv måte å handtere klimaendringane. Fråsegna er knytt til «some countries». Sidan det ikkje er spesifisert kva for land det er tale om, verkar fråsegna likevel forholdsvis generell.
- (45) Dette går til kjernen av eitt av hovudspørsmåla i plenumssaka, nemleg rollefordelinga mellom statsmaktene ved bruken av Grunnlova § 112. Vidare forstår eg sitatet slik at det også direkte gjeld innhaldet i avgjerdene frå domstolane – altså korleis ein bør dømme i enkeltsaker.
- (46) På heimesida til WCEL går det fram at prosjektet er godkjent («approved») av styringskomiteen, der dommar Noer sit. Det er naturleg å lesa dette slik at styringskomiteen, og med det også dommar Noer, stiller seg bak den siterte skildringa av domstolanes ynskte rolle i klimaspørsmål.
- (47) Det vil i seg sjølv ikkje gje grunnlag for at ein dommar må vike sete at dommaren har slutta seg til fråsegner om politiske spørsmål, heller ikkje dersom spørsmåla er rettspolitiske. Men slik eg ser det, går dei to sitata ovanfor klart lenger enn dette. Det som blir uttalt, gjeld langt på veg kva som bør vera resultatet i saker om miljø- og klimaspørsmål som kjem opp for domstolane. Etter mitt syn er dette noko anna – og meir – enn eit ynske om korleis rettsreglane bør vera. Eg ser det slik at sitata, nytta på den konkrete saka som skal opp i plenum, i det minste må lesast som eit ynske om at bestemte omsyn skal ha særleg vekt.
- (48) Ein dommar som på førehand er knytt til eit prinsipp som domstolen sjølv ikkje har utvikla, om at dommarar kan halde dei andre statsmaktene ansvarlege når desse er atterhaldne i klimaspørsmålet, vil kunne bli oppfatta som å mangle tilstrekkeleg distanse der dette spørsmålet verkar å stå sentralt i saka. Samla meiner eg difor at WCELS rettspolitiske manifest og haldning til klimaspørsmål – etter ein objektiv målestokk – vil

kunne gje omverda ein rimeleg og sakleg grunn til å tvile på at dommar Noer vil dømme på ein objektiv og nøytral måte i saka.

- (49) Eg meiner difor, under noko tvil, at me her står overfor «særegne omstendigheter» som gjer at dommar Noer må vike sete i saka, jf. domstolova § 108.
- (50) Eg ser endeleg på om dommar Steinsvik må vike sete i saka.
- (51) Svigerfar til dommar Steinsvik, Thorbjørn Berntsen, er medlem i Besteforeldrenes klimaaksjon. Som tidlegare miljøvernminister og miljøpolitikar er han nytta i marknadsføringa av organisasjonen. Han har derimot korkje leiande verv eller noka aktiv rolle i organisasjonen, som etter det opplyste har omlag 4 000 medlemmer. Han har heller ikkje vore engasjert i saka her.
- (52) Me står då ikkje overfor «særegne omstendigheter» som gjer at dommar Steinsvik må vike sete i saka, jf. domstolova § 108.
- (53) Eg røystar etter dette for slik

O R S K U R D :

Dommarane Arntzen, Indreberg og Noer vik sete. Dommar Steinsvik vik ikkje sete.

- (54) **Dommar Falch:**

Delvis dissens

- (55) Eg er i det vesentlege og i resultatet samd med fyrstvoterande når det gjeld dommarane Arntzen, Indreberg og Steinsvik. Men eg meiner at dommar Noer ikkje skal vike sete.
- (56) Eg følgjer grunngjevinga til fyrstvoterande fram til han drøfter betydninga av den erklæringa IUCN vedtok på sin verdskongress i 2016. Mi forståing er at erklæringa særleg uttrykkjer eit prinsipp om at domstolar og andre avgjerdsstakarar i tvilstilfelle skal leggje avgjerande vekt på omsynet til miljøet.
- (57) Dette prinsippet meiner eg for det *fyrste* at dommar Noer ikkje kan knytast spesielt sterkt til. Ho er sjølv ikkje medlem av IUCN, men av styringsgruppa i WCEL, som er ein fagkomité under IUCN. WCEL har, etter det eg forstår, bistått ved utarbeidinga av erklæringa, men då i fyrste rekkje gjennom ein underkomité som dommar Noer heller ikkje er medlem av. I tillegg går det fram av atterhaldet som følger erklæringa, og som fyrstvoterande har referert, at erklæringa ikkje nødvendigvis reflekterer synet til nokon medlem eller person. Eg legg større vekt på dette atterhaldet enn fyrstvoterande. Det er ikkje kjent om dommar Noer identifiserer seg med innhaldet i erklæringa, og eg meiner det heller ikkje kan oppfattast slik at ho gjer det.
- (58) For det *andre* meiner eg at erklæringa uansett ikkje gjer anna enn å formulere eit mogeleg rettskjeldeprinsipp og/eller eit «føre var»-prinsipp. Om det skulle vera slik at ein dommar i éin samanheng har gitt sin tilslutnad til slike prinsipp, kan eg ikkje sjå at dommaren blir

ugild til å dømme i ei sak der prinsippa kan tenkjast å få noko å seia. Prinsippa retter seg mot alle som gjer vedtak, og må naturleg sjåast i samanheng med dei reglane organet elles er bundne av.

- (59) Fyrstvoterande legg også vekt på at WCEL for tida arbeider med «A best practice guide» for dommarar og domstolar. Sjølve arbeidet går føre seg i ei undergruppe som dommar Noer ikkje er medlem av. Frå føremålet med arbeidet, som fyrstvoterande har sitert, går det fram at fordi styresmaktene «in some countries» er atterhaldne med å ta leiarskap i kampen mot klimaendringar, «can» domstolar og dommarar spela ei avgjerande rolle.
- (60) Eg oppfattar dette som eit nokså generelt synspunkt. Det går til dømes ikkje fram om Noreg er blant dei landa der styresmaktene er atterhaldne. Og når det blir sagt at domstolane kan spela ei avgjerande rolle, må det tyde at dette er ei *moglegheit*. Det står «can» og ikkje «should». Under kva for omstende domstolane i tilfelle bør eller skal spela ei avgjerande rolle, går ikkje fram.
- (61) Eg er difor ikkje samd med fyrstvoterande i at dommar Noer er knytt til eit prinsipp om korleis ein dommar *bør* dømme i enkeltsaker. Det vil vera å leggje meir i fråsegna frå WCEL enn eg meiner at det er grunnlag for.
- (62) Derimot er eg samd med fyrstvoterande i at dommar Noer nok kan knytast til et prinsipp om at dommarar *kan* halde dei andre statsmaktene ansvarlege når desse er atterhaldne i klimaspørsmål. Men i dette ligg etter mi meining ikkje noko ekstraordinært. Også her i landet er det ei moglegheit for overprøving, fordi Høgsterett som kjent prøver om lover og vedtak er i samsvar med Grunnlova. Eg er difor ikkje samd med fyrstvoterande i at ein dommar som kan knytast til fråsegna frå WCEL, kan bli oppfatta som å mangle tilstrekkeleg distanse til eit sentralt spørsmål i saka. Fråsegna er som allereie nemnt ikkje normativ.
- (63) Det som for meg står igjen, er at dommar Noer, gjennom si deltaking i ulike organisasjonar før og no, har vist eit engasjement i klima- og miljøspørsmål. Dette er ikkje tilstrekkeleg til å gjere henne ugild, jf. Rt-2010-321 avsnitt 8, som fyrstvoterande siterte og slutta seg til. Engasjementet kan ikkje knytast særskilt til den konkrete saka Høgsterett no skal handsame i plenum.
- (64) Mitt syn er difor at dommar Noer ikkje er ugild etter domstollova § 108.

- (65) Dommer **Falkanger:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med annenvoterende, dommer Falch.
- (66) Dommer **Bull:** Likeså.
- (67) Dommer **Ringnes:** Likeså.
- (68) Dommer **Østensen Berglund:** Likeså.
- (69) Dommer **Matningsdal:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende, dommer Høgetveit Berg.
- (70) Dommer **Skoghøy:** Likeså.
- (71) Dommer **Møse:** Likeså.
- (72) Dommer **Webster:** Likeså.
- (73) Dommer **Matheson:** Likeså.
- (74) Dommer **Normann:** Likeså.
- (75) Dommer **Kallerud:** Likeså.
- (76) Dommer **Bergh:** Likeså.
- (77) Justitiarius **Øie:** Likeså.
- (78) Etter røystinga sa Høgsterett slik

O R S K U R D :

Dommarane Arntzen, Indreberg og Noer vik sete. Dommar Steinsvik vik ikkje sete.

Dokumentet er i samsvar med originalen:
Kjetil Aasen